



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND

1978

Namnet på vatnet

Sløre Skjelsvatnet

Kommune

Skaranger

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.


S T O R E S T O K K A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 26. sept. 1978.

For å kontrollere resultatet av den utsetjinga av setjefisk som har pågått over fleire år i S. Stokkavatnet vart det, saman med formannen i Stavanger innlandsfiskenemnd, Bjarne L. Onarheim, foreteke eit prøvefiske overnemnde dato.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 99 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 26 aurar og av desse var det 20 hanfiskar og 6 hofiskar.

12 av fiskane var røde, 13 lys-røde og 1 kvit i fiskekjøttet. 21 av prøvofiskane (81%) var angripne av parasittar (måkemark). Medelvekta var 218 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvofiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	5.3	10.3	15.9	20.9	26.0	28.2
Årleg lengdetilvekst i cm	5.3	5.0	5.6	5.0	5.1	2.2
Antall fiskar	26	26	26	26	22	5

Medel kondisjonsfaktor = 1.05 tilseier fisk av mykje god kvalitet. Då fisken var nær gytetadiet ville K-faktoren vore lågare ved ei anna årstid, men likevel god.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for auren i Store Stokkavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner auren ein god lengdetilvekst og ligg i overkant av normalen like fram til 5-6 års alder. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca 35 cm. Noko fisk som er vesentleg større enn dette vil det nok vera. Desse fiskane, såkalla "jagarar" er fisk som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.


Hausten 1977 vart det sett ut 2 000 setjefisk i S. Stokkavatnet. 1 000 stk av desse vart merka ved å klippe bort fettfinnen.

Under prøvofisket hausten 1978 lukkast det å gjenfange 8 stk. av desse merka fiskane.

Medellengda var nå komen opp i 25.4 cm og medelvekta 177.4 gram. Ved utsetjing vil ein anta at vekta kunne vore ca 70-80 gram og lengda ca. 15-17 cm. Resultatet syner såleis ein mykje god vekst dette eine året, noko som for ein stor del skuldast stingsilda.

Denne stingsilda er ypperlig mat for auren, men den er som kjent mellomvert for måkemark, og difor vil storparten av den større auren bli meir eller mindre infisert i vatn av dette slaget.

Likevel slik, at infiseringa vil bli mindre i tynt befolka vatn enn i vatn der fiskebestandet er i største laget.



Konklusjon.

Resultatet av utsetjinga må seiast å vera mykje tilfredstillande og vekstkurve, saman med K-faktor, tilseier gode tilhøve for auren. Likevel er det ting som tyder på at det optimale utsetjingstalet er nådd og at ein i åra framover meir må tilpasse utsetjingstalet det fiskekvantumet som blir oppfiska. Blir ikkje den årlege tilveksten hausta vil det på litt sikt gi seg utslag i vekststagnasjon og sterke parasittangrep.

Hausten 1978 var det eit uvanleg godt røyrfiske i S. Stokkavatnet i høve til det som har vorte fanga i seinare år. Det er vanskeleg å seia kva grunnen til dette kan vera, men det er klart at om røyrf-

bestandet er i framgang så vil denne bli ein næringskonkurrent for auren. Sjølv om røyra som liten har plankton som hovednæring så vil den som større fisk også skatte det næringsforrådet som auren nyttar.

Praktiske tiltak.

Det må takast eit nytt prøvefiske sumaren 1979 og då med ein serie på 14 garn spreid rundt heile vatnet. Ein vil då kunna få eit betre billete av tilhøva enn ved dette prøvefisket, då garna vart ståande litt for konsentrert.

Eit høvande utsetjingstal for inneverande og neste år bør etter alt å døma ikkje overskrida ca 2 000 fisk pr. år. Minst 500 fisk må merkjast ved klipping av ein bukfinn, då dette vil vera av interesse ved gjenfangst.

Det bør vidare årleg takast eit prøvefiske i S. Stokkavatnet for på det grunnlag å sjå korleis tilstanden er og for å fastsetja høvande utsetjingstal av setjefisk.

Fisket etter røyra må sjølvsagt halde fram etter dei rettningsliner som ligg føre.

Stavanger 7. mars 1979

Einar Berg